



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – Oktober 2002

Nyordning for ein del impregnert trevirke

Frå 1. oktober 2002 vart det forbode å selje og nytte trykkimpregnert trevirke med krom eller arsen. Årsaka er at desse stoffa er miljøgifter som er farlege for både menneske og natur.

Til no har trevirke ofte vore trykkimpregnert med kopar, krom og arsen, såkalla CCA-impregnering. Miljøvern-departementet vedtok i fjor ei forskrift som seier at det no er forbod mot trevirke som er impregnert med stoff som inneheld krom eller arsen. Forbodet gjeld både ny bruk og gjenbruk. Trevirke som alt er i bruk, vert ikkje råka av forskrifta. Slikt trevirke bør likevel sikrast mot at impregneringsmiddel lek ut.

Du kan framleis få tak i impregnert materiale, men med andre typar impregneringsmiddel enn krom og arsen. Desse produkta er meir miljøvenlege enn dei gamle trykkimpregnerte materiala – spør forhandlaren.

Dersom du byter ut gammalt trykkimpregnert trevirke: «Lever dette til godkjent mottak for spesialavfall på den sentrale miljøstasjonen i kommunen eller Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.»



I dette nummeret av IHM-info kan du lese meir om desse sakene:

- IHM sine miljøstasjonar
- Vegvisar for kjeldesortering
- Miljøfarleg i Andeby

Ny utforming av heimesida



Ta ein titt innom!

www.ihm.no



Den skal tidleg krøkjast..., her er Ina Kvammen Møn under open dag på Bjørkemoen i mai.

Vellukka kampanje mot miljøfarleg avfall

I mai og juni i år var IHM med på ein landsomfattande kampanje mot miljøfarleg avfall.

Målet med kampanjen var å gjere oss meir medvitne om kva farlege stoff me omgjev oss med og vise korleis me kan verte kvitt slikt avfall utan at naturen, og i neste omgang me sjølve, vert skadelidande.

Les meir på side 2

Adresse: Postboks 161, 5701 Voss
Kontor: Vangsgata 22B, 5700 Voss
Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01
E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss.

Administrasjon:

Kåre Flatlandsmo, dagleg leiar
Helen K. Søybye, kontorleiar
Gunnar Bråten, driftsleiar
Ellen T. Astrup, leiar info og miljø

Framhald frå side 1: Vellukka kampanje mot miljøfarleg avfall

I kampanjeperioden hadde IHM samarbeid med alle dei tre lokalavise-
ne i regionen. «Hordaland» var med på bedriftsbesøk til Sylvsmidja, ei
verksemd som handsamar store mengder miljøfarleg avfall frå produk-
sjonen. Kyrkjelydsbladet for Vossebygdene hadde ein artikkel om mil-
jøfarleg avfall. Her var det prosjektet «Grøne kyrkjelydar i Hordaland»
og spørsmålet om kyrkjelydane kan bli meir «grøne» som var bakgrun-
nen for artikkelen. Alle glasmeistrar, byggmeistrar og entreprenørar i
regionen fekk tilsendt informasjon om PCB-haldige vindauge.

På Voss kino og i NRK gjekk det reklame i heile kampanjeperioden.

Det største løftet me gjorde var nok likevel å halde «open dag» på alle
dei sentrale miljøstasjonane våre. Torsdag 23. mai (onsdag 22. mai i
Granvin) kunne alle som kom med miljøfarleg avfall få informasjon og
svar på spørsmål dei måtte ha om slikt avfall. Det vart og servert kaffi,
te og bollar, og alle som tok turen innom ein miljøstasjon, vart med på
loddtrekning, sjå trekningsliste. Vinnarane er kontakta.

Det var god stemning på miljøstasjonane, og det var kjekt å møte folk
ute. Me synast at me fekk mange tilbakemeldingar på likt og ulikt i
høve renovasjonsordninga. Alt i alt var over 250 menneske innom
miljøstasjonane våre denne dagen.



Jarle Tøn, 3 år
frå Voss vann
trehjulsykkel!

TREKNINGSLISTE

«Open dag» på miljøstasjonane

TREHJULSYKKLAR

1. **Jarle Tøn**, 5700 Voss
2. **Arnstein Haugum**,
5710 Skulestadmo
3. **Guri Reisæter**, 5736 Granvin
4. **Håvard Aga**, 5776 Nå
5. **Øyvind Haugsnes**,
5783 Eidfjord

MEDLEMSKAP I MILJØ- DETEKTIVANE (Blekkulf)

1. **Harald Bolstad**, 5730 Ulvik
2. **Nils M. Instanes**,
5781 Lofthus
3. **Frode Strønen**, 5627 Jondal
4. **Lars Kvamme**, 5736 Granvin
5. **Knut Brekklus**, 5700 Voss

KULTURHISTORISK VEG- BOK FOR HORDALAND

1. **Helge Møn**, 5700 Voss
2. **Björg Ringheim**, 5700 Voss
3. **Signe Underhaug**,
5627 Jondal
4. **Tore Ramsøy**, 5778 Utne
5. **Knut Mikal Instanes**,
5780 Kinsarvik

Sentrale miljøstasjonar i IHM sitt område

Har du spørsmål om ordningane på miljøstasjonane kan du alltid ringe IHM sitt kontor, tlf. 56 52 99 00, den enkelte miljøstasjon i opningstida eller du kan ringe teknisk etat i den einiskilde kommune:

Kommune	Sentral miljøstasjon	Opningstid	Miljøstasjonen	Teknisk etat
Eidfjord	Simadalen	Torsdag kl. 12.00 - 18.00		tlf. 53 67 35 00
Granvin	Røystrand	Onsdag 12.00 - 17.45	tlf. 56 52 53 40	tlf. 56 52 40 30
Jondal	Pineskår	Torsdag 14.00 - 17.00		tlf. 53 66 95 20
Ullensvang	Husemoen v/Hardanger Gjenvinning AS	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 34 85	tlf. 53 67 15 00
	Øyjordet	Torsdag 12.00 - 18.00	tlf. 53 66 18 58	tlf. 53 67 15 00
Ulvik	Gjelet	Torsdag 12.00 - 18.00		tlf. 56 52 70 00
Voss	Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Mån - ons og fre: 08.00 - 14.30 torsdag 08.00 - 18.00	tlf. 56 51 52 65	

Vegvisar for kjeldesortering

Kvar skal dei ulike avfallstypene?

- gjeld for vanlege hushald

Avfallstype/ fraksjon	Leveringsstad	Ordning*
Papir, papp og drikkekartong	Dunk med blått lok	Henteordning
Bioavfall	Dunk med brunt lok / kompostbinge	Henteordning
Restavfall	Dunk med grått lok	Henteordning
Plastemballasje	Blank sekk som setjast ut saman med papirdunken	Henteordning
Klede og sko	Bytebua / Fretex / Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Glas og metall	I konteinarar for glas- og metallemballasje -sjå liste på baksida / Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Elektrisk og elektronisk (EE) avfall	Lever til forhandlar / Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Kuldemøbel	Lever til forhandlar / Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Spesialavfall	Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	Bringeordning
Hageavfall	Komposter i eigen hage/Sentral miljøstasjon Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg	
Bildekk	Retur til forhandlar	Bringeordning
Ammunisjon, sprengstoff og fyrverkeri	Kontakt politiet	
Medisinrestar	Apotek	

* **Henteordning:** Kjeldesorteringssystem der det kjeldesorterte avfallet vert samla inn så nær kjelda som mogeleg

* **Bringeordning:** Kjeldesorteringssystem der brukaren sjølv bringar sitt kjeldesorterte avfall til ein mottakstasjon (returpunkt) t.d. forhandlar, sentral miljøstasjon eller utplassert konteinar

Lurar du på når du har tøming? Sjå tømekalendaren.

Manglar du tømekalendar eller sekk til plastemballasje, får du dette hjå IHM eller på teknisk etat i kommunen din. **Ekstra sekker til restavfall** får du kjøpt hjå IHM for kr. 34,- per sekk.

Ønskjer du meir detaljar om dei ulike avfallstypene og kjeldesorteringsordninga kan du kontakte IHM, eller gå inn på heimesida vår der du finn ei lenke til LOOP sin nasjonale avfallsvegvisar. (Sjå neste side.)



På Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg er det ulike mottakspunkt for t.d. ee-avfall, glas, kuldemøblar og anna.

RETURSAMARBEIDET LOOP

Loop er ein uavhengig og upolitisk stifting som har som hovudoppgåve å vere pådrivar for kjeldesortering i Noreg. Retursamarbeidet LOOP har etablert ein nasjonal avfallsvegisar. Denne finn du ved å gå inn på LOOP sine nettsider: <http://www.loop.no>. Du finn og ei lenke til LOOP på IHM si heimeside. Herifrå kan du gå inn og sjå kva avfallsordningar som gjeld i alle IHM-kommunane. Avfallsvegisaren er førebels berre tilgjengeleg i bokmålsutgåve, men LOOP arbeidar no med ein nynorskversjon, som venteleg ikkje er så alt for langt unna. Har du spørsmål om avfallshandsaming og kjeldesortering kan du og ringe grønt nummer: 800 31 500. Du kan sjølvsagt og ringe oss på IHM dersom det er noko du lurar på.

Vasking av biodunken!

Me oppfordrar alle som har biodunk (dunk med brunt lok) til å halde dei reine og fine. Det er lurt å vaske eller spyle dunken etter kvar tømning. Steller du fint med dunken, steller du og fint med renovatøren. Hugs, dette er renovatøren sitt arbeidsmiljø kvar dag, heile året.

Full glaskonteinar?

Konteinarane for glas- og metall-emballasje (glaskonteinarane) vert tømt etter faste ruter. Intervallet er sett opp etter kor tett befolka området er. Til vanleg går dette bra utan at konteinarane vert for fulle, men av og til vert enkelte fylt opp nærast «over natta» på grunn av storoppyrdding og anna. Det er ikkje alltid så lett for oss å fange opp dette med ein gong, og me set pris på å verte kontakta dersom du møter ein full konteinar. Me prøver å tømme ekstra dersom det er lenge til neste faste tømning.



Innsamling av plast-emballasje frå hushalda

Plast i ymse former har auka til over 20 % av alt hushalds-avfall som vert deponert på Bjørkemoen. Våren 2002 starta difor IHM innsamling av plastemballasje frå hushalda for å redusere denne prosentten, og auke gjenvinning av den verdfulle plastressursen. Første året ser det ut til at me når omlag 80 tonn innsamla plastemballasje, men me ønskjer oss mykje meir!

Miljøfarleg avfall i Andeby

Det skjer stadig oftare at me får elektriske og elektroniske produkt med på kjøpet når me handlar ei vare. Eit døme på dette er Donald Duck & Co som for nokre veker sida kom med eit elektronisk «fingermonster». Til saman handlar det om 150.000 «fingermonster», med i alt 300.000 kvikksølv-haldige batteri. Mange veit ikkje kva dei skal gjere med slike produkt når dei går sund, og alt for ofte hamnar dei rett i boset. Alle elektriske og elektroniske produkt, uansett om dei er små og uskuldige, er miljøfarleg avfall som skal leverast tilbake til forhandlaren når dei er øydelagde. Sel daglegvarebutikkar og kioskar t.d. Donald med eit elektronisk produkt, er dei og pålagde å ta imot produktet når det skal kasserast. Butikken skal ha ei ordning som syter for at avfallet vert teke hand om på ein forsvarleg måte. Du kan og levere til din sentrale miljøstasjon eller på Bjørkemoen.

Konteinar for glas- og metallemballasje

Eidfjord	Eidfjord sentrum og Øvre Eidfjord
Jondal	Jondal sentrum, Herand, Kysnes ved butikken, Torsnes ved kryss ned til kaien
Granvin	Eide ved Samvirkelaget Øvre Granvin ved butikken Kvannal ved campingen
Ullensvang	Kinsarvik på biloppstillingsplass på ferjekaien Lofthus, Hovland, Nå, Velure, Utne og Djonno
Ulvik	Brakanes, 2 stk
Voss	Bolstadøyri Evanger, parkeringsplass ved sentrum Bulken på jernbanestasjonen Vangen bak COOP MEGA Vangen bak Idrettshallen Bordalen ved butikken Oppheim ved Bua Vinje ved Handelslaget Skulestadmo ved COOP Prix Skulestadmo ved Super Spar Voss Palmafossen ved Kiwi Dalsleitet ved SparMat Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg

I konteinarane kan du leggje klart og farga glas og metallemballasje, men ikkje porselen, keramikk og knuste glasruter.

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE